

***Handlingsplan***  
***mot vald i nære relasjonar***  
***i Volda kommune***

*Innhald:*

**Kapittel 1: Bakgrunn og mandat**

**Kapittel 2: Definisjonar og ulike typar vald**

*2.0 Kva er vald?*

*2.1 Fysisk vald*

*2.2 Psykisk vald*

*2.3 Seksuell vald*

*2.4 Kontrollerande åtferd*

*2.4.1 Økonomisk kontroll*

*2.4.2 Setje borna opp mot partnaren*

*2.4.3 Truslar*

*2.4.4 Dominerande åtferd*

*2.4.5 Audmjuke partnaren*

*2.4.6 Isolasjon*

*2.5 Kjønnslæmlesting*

*2.6 Tvangsekteskap*

**Kapittel 3: Verknader av vald**

*3.1 For partnar*

*3.2 For born*

**Kapittel 4: Omfang av vald**

*4.0 Kven utøver vald mot kven?*

*4.1 Statistikk nasjonalt*

*4.2 Statistikk lokalt*

## **Kapittel 5: Eksisterande tiltak som Volda kommune driv eller støttar**

### *5.0 Innleiing*

### *5.1 Sosialavdelinga*

### *5.2 Barnevernavdelinga*

### *5.3 Barn i krise-team*

### *5.4 Kommunehelsetenesta*

### *5.5 Barnehage*

### *5.6 Skuleverket*

### *5.7 Tverrfagleg gruppe*

### *5.8 Informasjonsmateriell*

### *5.9 Sunnmøre krisesenter*

### *5.10 Senter mot incest*

### *5.11 Regionalt valdtekstmottak*

### *5.12 Kyrkja*

## **Kapittel 6: Framlegg til nye tiltak**

### *6.0 Innleiing*

### *6.1 Informasjon*

#### *6.1.1 Informasjon til alle*

#### *6.1.2 Informasjon til dei som er utsett for vald*

#### *6.1.3 Informasjon til det offentlege hjelpeapparatet*

### *6.2 Behandling/ettervern – når valden er eit faktum*

#### *6.2.0 Innleiing*

#### *6.2.1 Tiltak som må styrkjast*

#### *6.2.2 Barnevernvakt*

#### *6.2.3 Valdskoordinator*

## **Kapittel 7: Oppsummering**

<i>Oppsummering av tiltak</i>	side 23
<i>Referansar</i>	side 24
<i>Vedlegg:</i>	
Tilbud til menn i Oslo	side 26
Sinnemestringskurs	side 28
Nok hjelp til valdelege menn	side 29
Reform mannstelefonen	side 30
Endelig kvinnetilbud	side 31
Pressemelding frå gruppe 318, Amnesty International Norge, datert 25.april 2007	side 32
Sunnmøre krisesenter –statistikk 2006	side 34

## Kapittel 1: Bakgrunn og mandat

I 2005 gjennomførte Amnesty International Norge ei spørjeundersøking for å kartleggje kva norske kommunar gjer for å førebyggje og stanse vald mot kvinner. Volda var ei av kommunane som tok del i undersøkinga. Svare som kommunane gav, blei presentert i rapporten "Glansbildet slår sprekker", og rapporten peikar på at vald i nære relasjonar er eit stort, men ofte usynleg samfunnsproblem. Rapporten frå Amnesty blei presentert på eit ope møte i Volda hausten 2005, der både politikarar, representantar frå sosialavdelinga og friviljuge organisasjonar var til stades.

Problemstillinga er blitt drøfta i fleire parti. I Driftsstyret sitt vedtak i møte 05.04.06 heiter det mellom anna at: "Driftsstyret er nøgd med at det vert sett fokus både på vald mot kvinner og andre typar overgrep innanfor familiar og parforhold i Volda kommune." Vidare blei det vedteke at det skulle setjast ned ei tverrfagleg nemnd som skulle utarbeide ein "handlingsplan mot vald mot kvinner." I vedtak den 16.08.06 oppnemnde Driftsstyret medlemmane til denne nemnda.

**Nemnda tolkar vedtaket slik at det skal utarbeidast ein handlingsplan mot bruk av vald innanfor familiar og parforhold. Vald kan vere retta mot både kvinner, menn og born og påverkar alle medlemmer i familien. Det blir difor for snevert å berre konsentrere seg om vald retta mot kvinner. Nemnda vil difor legge til grunn at handlingsplanen skal omfatte tiltak mot vald i nære relasjonar, og at tiltak skal rettast både mot dei som utøver vald og dei som er utsett for vald.**

## **Kapittel 2: Definisjonar og ulike typar vald**

### **2.0 Kva er vald?**

”Vald er alle handlingar retta mot ein annan person, som gjennom at denne handlinga skadar, skremer eller krenkar, får den andre personen til å gjere noko mot sin vilje eller sluttar å gjere noko den vil” (Nou:34)

For å lukkast i arbeidet mot vald i nære relasjonar er det viktig å få med store delar av opinionen. Det er viktig å skape ei forståing for at dette vedkjem alle. Handlingsplanen mot vald må rette tiltaka mot alle former for vald i nære relasjonar.

Det finst ulike former for vald. Samfunnet skal straffe bruk av vald i høve til alvorsheten av brotsverket. Former som kan karakteriserast som mindre alvorleg, kan ofte utvikle seg til meir alvorleg mishandling. Det kan difor vere førebyggjande å rette inn tiltak som kan hindre også desse “mindre alvorlege” formene for vald.

Nemnda vil legge til grunn desse definisjonane:

#### **2.1 FYSISK VALD**

Fysisk mishandling er alle former for fysisk handling som skadar eller kontrollerer eit anna menneske.

#### **2.2 PSYKISK VALD**

Psykisk mishandling er all bruk av ord, stemme, handling eller mangel på handling som kontrollerer, skadar eller krenkjar dine næraste. Medan mange par kan seie noko dei angrar, definerast psykisk mishandling som repeterande krenkingar utan omsyn til den andre sine kjensler. I nokre parforhold / familieforhold skjer berre psykisk mishandling, medan all fysisk mishandling også inneheld psykisk mishandling. Ofte utviklar mishandlingsforhold seg frå psykisk til fysisk mishandling.

Psykisk mishandling inkluderer:

Utskjelling, truslar, gjenteken sårande kritikk, ignorering, audmjuking, urette skuldingar, forhøyr.

### **2.3 SEKSUELL VALD**

Denne type framferd blir utført for å kontrollere og audmjuke den andre.

Seksuell mishandling inkluderer:

Berøring mot eigen vilje, påtvungen seksuell aktivitet, smertefull seksuell aktivitet, valdtekt ol.

### **2.4 KONTROLLERANDE ÅTFERD**

Den viktigaste drivkrafta for den som utøver vald er å oppretthalde makt og kontroll over partnar/familie. Utover dei handlingane som er nemnt ovanfor, blir det også nytta maktmiddel som krenkjer og skaper frykt. Dette gjer det endå vanskelegare for partnaren å handle slik at dei sjølve og eventuelle born i familien, blir sikra verdige livsforhold.

Døme på dette kan vere:

#### **2.4.1 ØKONOMISK KONTROLL**

Nekte partnaren å arbeide, prøve å få partnaren oppsagt, ta kontroll over pengane til partnaren.

#### **2.4.2 SETJE BORNA OPP MOT PARTNAREN**

True med å kontakte barnevernet dersom ho/han vil reise, beskrive partnaren overfor borna på ein krenkjande måte.

#### **2.4.3 TRUSLAR**

Utsetje partnaren for truslar om å skade slektningar, vener eller dei partnaren arbeider saman med. True med å setje ut rykte om partnaren.

#### **2.4.4 DOMINERANDE ÅTFERD**

Konstant kritikk, ta alle avgjerder i familien, krenkje partnaren i påsyn av andre.

#### **2.4.5 AUDMJUKE PARTNAREN**

Føreta handlingar i det offentlege rom som audmjukar partnaren.

#### **2.4.6 ISOLASJON**

Kontrollere kva partnaren gjer, kven ho/han er saman med, og kva ho/han snakkar med andre om.

#### **2.5 KJØNNSLEMLESTING**

Kjønnslemlesting er ei fellesnemning på alle typar inngrep der ytre kvinnelege kjønnsorgan varig blir skada, og der inngrepet blir gjort av andre årsaker enn medisinsk behandling. Kjønnslemlesting er vald mot jenter. På verdsbasis er mellom 100-144 millionar jenter og kvinner utsett for dette valdelege inngrepet. I Afrika har 34 land tradisjon for kjønnslemlesting av kvinner, i Asia har seks land denne tradisjonen. I nokre land er det opp til 80 – 90% av kvinnene som er kjønnslemlesta.

Tradisjonen er fleire tusen år gamal og det krevst langvarig innsats både nasjonalt og internasjonalt for å kjempe imot denne tradisjonen. Førebyggjande arbeid blir svært viktig i det kommunale hjelpeapparatet. Vi må nå dei unge på deira arena, og vi må få til ein dialog med foreldre og føresette. Det offentlege hjelpeapparatet må vite kva dette er og gjere alt dei kan for å avverge denne valden.

#### **2.6 TVANGSEKTESKAP**

Tvangsekteskap er eit overgrep mot det einskilde menneske sin rett til å velje ektefelle. Denne fridomen er nedfelt i internasjonale konvensjonar. Historisk har tvangsekteskap i større eller mindre grad vore eit vanleg fenomen også i Noreg og ”den vestlege kulturkrins” elles. Etter at denne tradisjonen i nyare tid er blitt meir og meir sjeldan i Noreg, er den framleis praktisert i andre delar av verda.

- Tvangsekteskap er når ein må gifte seg mot si vilje.
- Dersom borna ikkje ønskjer å gifte seg, er det tvangsekteskap.
- Dersom borna sjølv ikkje får avgjere kven dei vil gifte seg med, er det tvangsekteskap.

## **Kapittel 3: Verknader av vald**

### **3.1 For partner**

Offer for vald lever i konstant frykt for nye valdsepisodar, og kan gradvis bli meir og meir isolert. Dette kan føre til at ein ikkje maktar å gjennomføre det som synest å vere den einaste logiske utgangen av det valdelege forholdet; at ein søker hjelp eller bryt ut av forholdet. Andre hinder kan vere:

- Partnaren si makt og kontroll.
- Samanveving av vald og kjærleik, (brotne) løfte frå valdsutøvaren om at ”det ikkje skal skje igjen.”
- Nedbroten sjølvtilitt og manglande tru på at ein kan klare eit sjølvstendig tilvere.
- Truslar om at økonomien vil bryte saman dersom ein bryt ut av parforholdet.
- Frykt for at valden vil eskalere dersom ein bryt ut av parforholdet.
- Frykt for reaksjonar frå sosiale relasjonar, familie og nettverk elles.
- Kvinner med innvandrarbakgrunn kan i tillegg oppleve frykt for utvisning ved skilsmål, press frå familien osv.
- For funksjonshemma kan avhengigheit av dagleg hjelp, svakt sosialt nettverk og svak økonomi vere sentrale hindringar.

### **3.2 For born**

Born er ofte ein uskuldig tredjepart i ein valdsutsett familie. Slike born som er vitne til vald og som lever i konstant redsle for ny vald, kan oppleve skadeverknader som:

- Angst og depresjon.
- Angst for tap av mor/far.
- Angst for at dei sjølv skal bli ramma.
- Krav til seg sjølv om å ta på seg verjerolla.
- Krav til seg sjølv om å avleie situasjonen.
- Valdsåtferd mot andre.
- Lågare sosial kompetanse.
- Sinne og avmakt.

## **Kapittel 4: Omfang av vald**

### **4.0 Kven utøver vald mot kven?**

Vald i nære relasjonar finst i **alle** samfunnslag, uansett økonomisk eller religiøs tilhøyring. Statistisk er det oftast menn som utøver fysisk vald, men også kvinner utøver vald, og i den grad det skjer, er det som oftast mot små born. Det bør heller ikkje gløymast at psykisk vald blir utført av både menn og kvinner. Det er altså ikkje berre ”konemishandling” det er snakk om. Til dømes:

- Menn som utøver vald mot partner, born og eldre slektningar.
- Kvinner som utøver vald mot (små) born og eldre slektningar.
- Vaksne born som utøver vald mot eldre slektningar.
- Vald skjer også blant eldre i parforhold.

### **4.1 Statistikk nasjonalt**

SSB si levekårsundersøking for Noreg frå 2001 (NOU 2003 nr 31:42) syner følgjande omfang av vald:

- 5 % av alle over 16 år hadde blitt utsett for vald siste året (ca. 180.000 personar). Litt fleire kvinner enn menn.
- 20.000 kvinner (talet på menn er ikkje oppgitt), blei utsett for vald eller truslar frå personar dei har nær relasjon til.

I aldersgruppa 16 – 24 år svarte 11 % av mennene og 9 % av kvinnene at dei det siste året hadde vore utsett for vald eller truslar.

Denne større risikoen for å bli utsett for vald blant dei yngste gjeld for alle valdstypane, men er mest markert for vald med skade. Dessutan er kvinner i aldergruppa 24 til 44 år like utsett for truslar som kvinner i aldergruppa 16 til 24 år. Eldre kvinner (over 67) opplevde å vere utsett for vald eller truslar for vald langt meir enn jamnaldrande menn.

## 4.2 Statistikk lokalt

Volda kommune har ikkje utarbeidd nokon statistikk, men om ein reknar om den nasjonale statistikken til tal for Volda kommune, som har 8.500 innbyggjarar, vil dette utgjere ca. 40 kvinner per år. Menn, born og mørketal bør reknast i tillegg. På landsbasis opplever årleg mellom 12.000 til 24.000 born at mor blir utsett for vald. Omrekna til tal for Volda gjeld dette mellom 25 og 50 born.

Sosialavdelinga i Volda kommune hadde i 2005 to saker som var av ein slik alvorleg karakter at krisesenter var eit naudsynt hjelpetiltak. Tal på kvinner og born som har behov for hjelp frå kommunen til eit opphald på krisesenter er ukjent, då Volda kommune ikkje har nokon form for registrering av slike saker. Tilskotsordningane for krisesenteret vart endra i 2005. Dette førte m.a. til at dei som har behov for opphald på eit krisesenter, ikkje er nødt til å ta kontakt med det kommunale hjelpeapparatet i samband med betaling av eigenandel.

Informasjon pr. tlf med dagleg leiar på Sunnmøre krisesenter, Randi Strøm, april-07: Ifylgje vedtektene frå Sunnmøre krisesenter, kan dei ikkje oppgi tal i høve til kvinner og born frå Volda, då ideologien til krisesenteret m.a. byggjer på at ingen skal kunne identifiserast. Ved å oppgi statistikk for Volda kommune, er dei redd for at nokon skal kjenne seg identifiserte. Ho kunne informere om at det ved krisesenteret har vore ei stor auke i talet på overnattingsdøgn frå 2005 til 2006. Dette gjeld også for Volda kommune.

Randi Strøm informerte vidare om statistikken for Møre og Romsdal;

Tal døgn i 2005 var totalt 1.095. Tal døgn i 2006 var totalt 2.114. I 2005 var 280 av desse born. Dette hadde auka til 1.000 born i 2006. I 2005 synte statistikken 815 kvinner. Dette talet auka til 1.114 kvinner i 2006.

Dette seier noko om tal overnattingsdøgn, som det er ei stor auke i, medan talet for kvinner og born som søker hjelp på krisesenteret er stort, men meir stabilt. Talet på kvinner i 2005 var 42 og i 2006 var talet 43. Talet på born i 2005 var 21, dette auka til 33 i 2006.

Statistikken frå Sunnmøre krisesenter er lagt ved planen.

I skriv til Volda kommune, datert 08.03.07 frå styringsgruppa for kommunane på Sunnmøre og Sunnmøre krisesenter, blir det peika på at: ”Krisesenteret har ei betydeleg rolle i samfunnet, og bruken av senteret har auka kraftig dei seinare åra, ikkje minst av framandspråklege kvinner og born. Senteret blir brukt i like stor grad av alle kommunane på Sunnmøre.”

Rune Huse, familievaldskoordinator for Sunnmøre politidistrikt, informerte i telefonsamtale i mai -07 om at vi har kvinner i Volda i dag med valdsalarm, men pga. teieplikta kan han ikkje gje fleire opplysningar. Som familievaldskoordinator skal han ha kontroll med, samt koordinere familievaldsaker i Sunnmøre politidistrikt. I tillegg skal han bistå med råd/retteiing til fagfolk i hjelpeapparatet når det er naudsynt.

Om vi tek statistisk utgangspunkt i at 40 kvinner kvart år er utsett for vald eller truslar frå personar dei har nær relasjon til, kan desse tala tyde på at:

- Det offentlege hjelpeapparatet ikkje når alle som har behov for hjelp.
- Terskelen for å søke hjelp er for høg.
- Problemet med vald blir forsøkt løyst utan innblanding frå det offentlege hjelpeapparatet.

## **Kapittel 5: Eksisterande tiltak som Volda kommune driv eller støttar**

### **5.0 Innleiing**

Arbeidet med valdsproblematikk i nære relasjonar krev svært ofte ein tverretatleg innsats. Ei sak kan krevje innsats frå sosialavdeling, barnevern, politi, skule, barnehage, fastlege, eigedomsavdeling, helsestasjon, krisesenter, innvandrarkontor, NAV trygd, spesialisthelseteneste, m.fl.

Volda kommune kan stille med generell rettleiing, økonomisk rettleiing, økonomisk hjelp, oppfølgingsamtalar, helsetenester, praktisk oppfølging, tilvising til spesialisthelsetenesta, evt. syne til andre relevante instansar, hjelp til ny bustad, skule og barnehage osb.

Tildeling av valdsalarm, besøksforbod og straffeforfølging er døme på nokre tiltak som politiet kan setje inn. Volda kommune kan som ein del av si opplysnings – og rettleiingsplikt, tilby dei valdsutsette hjelp til å kontakte politi og advokat.

### **5.1 Sosialavdelinga**

Sosialavdelinga arbeider etter Lov om sosiale tenester. Føremålet med lova er:

- a) å fremme økonomisk og sosial trygghet, å bedre levevilkårene for vanskeligstilte, å bidra til økt likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer,*
- b) å bidra til at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre.*

Sosialtenesta i Volda kommune kan i stor grad bidra med rettleiing til dei som er utsett for vald i nære relasjonar. Dei kan informere om rettar som den enkelte har, syne til andre instansar i hjelpeapparatet og bidra med økonomisk hjelp, samt bistå i høve til bustad.

## **5.2 Barnevernavdelinga**

Lov om barneverntenester (1992) pålegg alle kommunar å ha ei barnevernteneste som skal følgje opp lova sitt føremål lokalt. Føremålet med lova er:

- a) å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg i rette tid,*
- b) å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.*

Alle offentlege instansar har meldeplikt til barnevernet dersom ein er bekymra for born sin omsorgssituasjon. Dette gjeld sjølvsagt også i høve der barnet er utsett for valdsproblematikk i nære relasjonar. Ifølgje Lov om barneverntenester § 4-3, har den kommunale barnevernavdelinga plikt til å undersøkje omsorgssituasjonen til eit barn når ei slik melding blir motteken. Ei melding som inneheld mistanke om vald, blir av lova vurdert som særleg alvorleg og viktig å undersøkje snarast. I slike saker legg barnevernavdelinga særleg vekt på å samarbeide med andre hjelpeinstansar som til dømes lege, helsestasjon, sosialteneste og krisesenter.

## **5.3 Barn i krise-team**

Barn i krise-team er eit interkommunalt konsultasjonsteam som er stasjonert i Ålesund. I teamet er barnelege, jurist, psykolog, klinisk sosionom og klinisk pedagog. Teamet kan kontaktast ved høve der born og unge har vore utsett for seksuelle overgrep, vald og traumer.

## **5.4 Kommunehelsetenesta**

Kommunehelsetenesta møter også valdsoffer. Det kan handle om både fysiske og psykiske overgrep. Overgrepa kan vere av nyare dato eller det kan vere gamle traume som må behandlast. Kvart enkelt tilfelle er spesielt og krev si spesielle oppfølging. Det er difor vanskeleg å skissere ei fast prosedyre for korleis slike saker skal handterast. Kommunelegen ser også behovet for ein koordinerande instans som ein kan ta kontakt med i slike tilfelle.

## **5.5 Barnehage**

Dei fleste born i førskulealder går i barnehage her i Volda. Difor kan personalet i barnehagane tidleg oppdage born som er utsett for, eller lever i familiar prega av vald. Med bakgrunn i Barnehagelova § 22, har styrar plikt til å melde frå til barnevernet dersom ein har mistanke om alvorleg omsorgssvikt.

Elles har barnehagane eit godt samarbeid med barnevernet når det gjeld born som har behov for oppfølging og hjelp. Barnevernet kjem på årlege styrarsamlingar og orienterer om arbeidet sitt. Kvar barnehage i Volda har sin eigen kontaktperson i barnevernavdelinga.

## **5.6 Skuleverket**

Skuleverket er ein av dei instansane som møter born som er utsett for vald eller lever i valdelege forhold. Når skulen har mistanke om at dette er tilfelle, er det vanleg at skulen gjennom rektor sender ei bekymringsmelding til barnevernet, og at saka blir fylgd opp vidare frå dei. Skulehelsetenesta, PPT (pedagogisk psykologisk teneste) og andre som kan hjelpe barnet, blir så kobla inn i saka. Det er vanskelege og krevjande problem som skal løysast. Slike saker krev koordinering og tverrfagleg samarbeid. Skuleverket har god kontakt med hjelpeapparatet, men skulesjefen gir likevel uttrykk for at dei saknar klare rutiner for korleis ein skal gå fram i slike saker. Saka blei tatt opp på eit møte med rektorar og skuleleiarar i januar -07, og dei stadfestar dette.

## **5.7 Tverrfagleg gruppe**

Volda kommune har også ei tverrfagleg gruppe med særleg fokus på born og unge sin situasjon i kommunen. I denne gruppa sit leiarane for helsestasjonen, barnevernet, skuleavdelinga , barnehageavdelinga, sosialavdelinga, tenesta for funksjonshemma (som ligg under pleie og omsorg, PLO), PPT og rehabiliteringskoordinatoren. Leiar på helsestasjonen koordinerer gruppa sitt arbeid.

## **5.8 Informasjonsmateriell**

Det føreligg informasjonsmateriell, i all hovudsak på norsk, tilgjengeleg i kommunen over t.d. Sunnmøre krisesenter. Kommunen har også tilgong til informasjon om andre krisesenter og hjelpetiltak rundt om i landet.

## **5.9 Sunnmøre krisesenter**

Volda kommunestyre vedtok i møte den 02.03.98 å inngå ein samarbeidsavtale med Sunnmøre krisesenter i Ålesund. Samarbeidsavtalen inneber at Volda kommune årleg betalar eit tilskot til drifta av Sunnmøre krisesenter. Kommunen sitt økonomiske bidrag er kr. 5,- pr. innbyggjar i kommunen.

Sunnmøre krisesenter er partipolitisk, religiøst og organisasjonsmessig uavhengig. Vaktene er ikkje fagfolk, og dei arbeider der på friviljug basis. Krisesenteret tek imot kvinner og born som har behov for ein stad å vere for kortare eller lengre tid. Telefonvaktene har vakt heile døgnet for å svare dei som tek kontakt. Senteret har meldeplikt til barneverntenesta ved bekymring for barnet sin omsorgssituasjon. Informasjon om Sunnmøre krisesenter finn ein også på Volda kommune si heimeside.

## **5.10 Senter mot incest**

Formannskapet har løyvd ein symbolsk sum til drifta av Senter mot incest i Møre og Romsdal; kr. 4.141,- for 2006

## **5.11 Regionalt valdtekstmottak**

Det skal opprettast eit regionalt valdtekstmottak i Ålesund i 2007, som også skal vere eit tilbod for dei som bur i Volda. Etterkvart skal dette bli eit valdsmottak.

## **5.12 Kyrkja**

Kyrkja møter også menneske som er offer for vald i nære relasjonar. Prestane møter menneske i mange livssituasjonar, også kvinner og born som blir mishandla. Ofte er ikkje valden den eigentlege årsaka til at kvinnene oppsøker prestekontoret, men gjennom samtalen kjem dette fram. Desse kvinnene blir ofte vist til familievernkontor, men om situasjonen blir oppfatta som akutt, blir også andre

hjelpeinstansar kobla inn. Også den lokale presten gir uttrykk for at ein koordinerande instans vil vere av stor verdi i slike saker, og ser behovet for t.d. ein valdskoordinator i kommunen. Han understrekar at kyrkja ynskjer å bli involvert i dette arbeidet.

## **Kapittel 6: Framlegg til nye tiltak**

### **6.0 Innleiing**

*”Samfunnet må initiere og styrke tiltaka overfor både utsette og utøvarar parallellt, og ikkje på kostnad av kvarandre.” ( NOU 2003:31 s.71)*

Nemnda vil peike på to viktige område der innsatsen bør setjast inn:  
Informasjon og behandling/ettervern.

### **6.1 Informasjon**

#### **6.1.1 Informasjon til alle**

Nemnda meiner at det er viktig å informere om kva samfunnsproblem vald i nære relasjonar er. På den måten kan ein bidra til å bryte ned tabu som hindrar at valdsforhold blir avdekka. Dei som er utsett for vald kan føle både skam og skuldkjensle som hindrar dei i å søkje hjelp. Ved å informere og ”alminneleggjere” problemet, trur vi at terskelen for å søkje hjelp vil bli lågare, både for den som er utsett for vald og valdsutøveren. I tillegg til dei arenaer som er nemnt nedanfor, vil også artiklar i aviser kunne vere ein brukbar informasjonskanal.

Vald i familien er inga privat sak. Alle offentlege instansar har meldeplikt til barnevernet dersom ein er bekymra for born sin omsorgssituasjon i høve til valdsproblem i nære relasjonar. Naboar og andre private må også kunne oppmodast til å melde frå til det offentlege hjelpeapparatet dersom dei har mistanke om valdsbruk i ein familie. Dette er ikkje det same som å ”blande seg opp i private saker”, men derimot eit uttrykk for at ein bryr seg.

I forlenginga av dette bør alle gode krefter utfordrast til å bidra for å få bukt med dette samfunnsproblemet. Frivillege organisasjonar som til dømes Røde Kors, Amnesty, Redd Barna, idrettslag og religiøse organisasjonar, kan drive haldningsskapande arbeid på dette området.

Nemnda ser det også som viktig å bruke skulen i det haldningsskapande arbeidet. Foreldremøte, opne møter eller liknande bør kunne tematisere oppseding. Vald retta mot born, bruk av truslar, isolering av born på rommet og andre krenkande handlingar er ikkje akseptable måtar for oppseding, og dette må formidlast.

Vi fekk i 1995 eit lovforbod mot kjønnslemlesting i Noreg. Strafferamma er opp til åtte år for dei som utfører eller medverkar til at inngrepet blir utført. I 2004 kom det ei lov i Noreg som gjer det straffbart å ikkje avverje kjønnslemlesting dersom det er mistanke om at dette kan skje. Medlemmar av einskilte yrkesgrupper kan bli straffa med inntil eitt års fengsel eller med bøter dersom dei ikkje melder frå om slike forhold.

Det kjem no mange familiar til Volda frå afrikanske land. Vi veit at fleire av jentene/kvinnene har vore utsett for eller står i fare for å bli utsett for kjønnslemlesting. Vi har grunn til å tru at menneske som kjem frå område der kjønnslemlesting blir praktisert, tek denne praksisen med til Noreg.

I Noreg er det gjort fleire endringar i lovgjevinga i høve til tvangsekteskap. I straffelova er det bestemt at tvangsekteskap er straffbart og kan gi fengselsstraff. Frå mai 2007 er det mogleg å få direkte skilsmål dersom ein har vore utsett for tvangsekteskap.

I Noreg har vi hatt handlingsplanar mot tvangsekteskap sidan 1998. Fleire tiltak er gjennomført, men framleis står mykje arbeid igjen. Vi veit ikkje kor stort dette problemet er i Noreg i dag. Ei arbeidsgruppe frå Universitetet i Oslo kartlegg no saker knytt til tvangsekteskap. Resultatet skal vere klart første halvdel av 2007.

Utfordringane framover vil vere det førebyggjande arbeidet, både når det gjeld kjønnslemlesting og tvangsekteskap. Det er særleg viktig å få foreldregenerasjonen i tale. Det kommunale hjelpeapparatet må også få kunnskap og kompetanse på området.

### **6.1.2 Informasjon til dei som er utsett for vald**

Det er viktig å informere om kva hjelpetilbod som finst for dei som er utsett for vald, både i og utanfor Volda. Kjennskap til eksisterande hjelpetilbod er for dårleg, og mange veit ikkje kven dei skal vende seg til for å få hjelp. I prinsippet er det mange som kan hjelpe (fastlege, sosial/ barnevern m.m), noko som er positivt. Problemet kan vere at den valdsutsette kan risikere å bli sendt hit og dit mellom mange ulike instansar, noko som kan heve terskelen for i det heile å ta kontakt med det offentlege hjelpeapparatet.

### **6.1.3 Informasjon til det offentlege hjelpeapparatet**

Det er viktig at alle offentlege instansar som i sitt virke kjem i kontakt med problemstillinga, er informert om kva behandlingstilbod som finst og kva prosedyrar som bør følgjast for å sikre rettane til dei involverte partane.

## **6.2 Behandling/ettervern – når valden er eit faktum**

### **6.2.0 Innleiing**

For å sikre eit tilfredsstillande tilbod om behandling og ettervern har Volda kommune behov for både styrking av eksisterande tiltak og behov for nye tiltak.

### **6.2.1 Tiltak som må styrkast**

Volda kommune bør syte for at familiar som er prega av vald får tilbod om familieterapi.

Volda kommune bør hjelpe dei som er utsett for akutt vald ved å tilby ein sikker stad å bu mellombels (td. krisesenter).

Volda kommune bør gi hjelp til ny bustad og andre praktiske føremål for dei som splittar eit hushald prega av vald. Kven av partane som bør "flytte ut", vurderast i kvart einskild tilfelle. I svært alvorlege tilfelle må eit valdsoffer få hjelp til ny identitet og hemmeleg adresse.

Volda kommune bør syte for behandling og anna hjelp til valdsutøvaren som opplever eit sosialt fall når ”løyndomen” og valdsbruken blir allment kjent. Behandling av dei som utøver vald, kan ofte vise til gode resultat. Det er difor viktig å informere dei som utøver vald, om kva behandlingstilbod som finst både i og utanfor Volda.

### **6.2.2 Barnevernvakt**

Det har tidlegare vore periodevis barnevernvakt i Volda og Ørsta. Dette har vore eit samarbeid mellom barneverntenestene i dei to kommunane. Siste periode med barnevernvakt var frå okotober -04 og ut året 2007, med opphald innimellom av budsjettmessige omsyn.

Barnevernet var då tilgjengeleg heile døgnet i helger og høgtider, og hadde eit fast mobilnummer. Nummeret vart annonsert i lokalavisene med jamne mellomrom, og aktuelle samarbeidsinstansar som politi, sjukehus og legesenter hadde nummeret tilgjengeleg. Særleg politiet har gitt uttrykk for at dei opplevde å ha stor nytte av barnevernvakta. Erfaringa var likevel at det vart privatpersonar som nytta vakta mest. Dette var eit godt tilbod til personar som var i situasjonar der born og unge var i akutte vanskar.

Ved årskiftet 2006/2007 blei barnevernvakta for Volda kommune sin del avslutta av budsjettmessige omsyn. Ørsta kommune avslutta også, då dei ikkje har kapasitet til å halde fram åleine.

Ein ser det som eit godt tiltak for valdsutsette i nære relasjonar at Volda kommune har eit tilbod om barnevernvakt. Det bør difor arbeidast for at dette tilbodet blir etablert på nytt.

### **6.2.3 Valdskoordinator**

Nemnda erkjenner at ein har behov for ein koordinator som har ansvar for å følgje opp eksisterande og nye tiltak som er foreslått i planen. Nemnda vil difor foreslå at det blir oppretta ein kommunal valdskoordinator som skal ha ansvar for å samordne arbeidet om vald i nære relasjonar.

Valdskoordinator sine arbeidsoppgåver:

- Følgje opp saker knytt til vald, fram til ei løysing gjennom hjelpeapparatet.
- Samordne informasjonsarbeidet om vald i nære relasjonar.
- Ha ansvar for at det blir utarbeidd rutinar i hjelpeapparatet.
- Ha ansvar for ein årleg konferanse om vald i nære relasjonar.
- Ha ansvar for å søkje om midlar til å finansiere konferansen gjennom offentlege instansar og frivillege organisasjonar.
- Valdskoordinator skal ha eige telefonnummer som tenesteapparatet, valdsoffer, valdsutøvar m.fl. kan vende seg til på dagtid.

Terskelen for å vende seg til valdskoordinator skal vere låg!

Tiltaket skal iverksetjast ved at:

- Arbeidsoppgåvene som valdskoordinator blir lagt til stillingsomtalen til ei eksisterande stilling,

eller

- valdskoordinator blir definert som 20% av stillinga til psykolog/foreldre- og ungdomsrettleiar i helseavdelinga. Dette er ei 100% stilling iht. vedteken psykiatriplan fram til 2006.

Ved fråvær og ferie til valdskoordinator er det barnevernleiar som skal vikariere. På ettermiddagar og i helgar er det politi/lege som skal kontaktast.

## Kapittel 7: Oppsummering

### Oppsummering av tiltak:

- Informasjon for å bryte ned tabu.
- Informasjon om hjelp.
- Bruk av private hjelpeorganisasjonar i informasjonsarbeidet.
- Informasjon om vald som ein del av helsestasjonsarbeidet og svangerskapsomsorga.
- Lage ei informasjonsbrosjyre om temaet.
- Oppmoding til private om å bry seg meir.
- Særleg bruke skulen som arena for å setje søkjelys på oppseding og vald.
- Auke medvitet kring saka ved å arrangere ein konferanse der vald i nære relasjonar er tema. Desse kan inviterast: Representantar for dei som kan møte dette problemet i sitt daglege arbeid i kommunen (helsestasjon, legar, skule, politi etc), frivillege lag, religiøse organisasjonar, fagfolk, ulike instansar som har behandlingstilbod. (Her kan det søkjast støtte frå ulike offentlege instansar).
- Årvisse markeringar i Volda om dette temaet, gjerne med utgangspunkt i ein slik konferanse.
- Oppretting av stilling/arbeidsoppgåve som valdskoordinator.
- Tilbod om barnevernvakt.
- Sikre tilbod om familieterapi.
- Innføre prosedyrar for registrering av vald, samt innføre rutinar som skal iverksetjast når vald blir registrert.
- Evaluering av handlingsplanen.

**Kjelder og litteratur:**

NOU – 2003:31 Retten til eit liv utan vald

Lov om barneverntjenester

Lov om sosiale tjenester

Ressursenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging

Region Midt-Norge

Tlf: 73 86 12 30

E-mail: [psykosos.team@everyday.no](mailto:psykosos.team@everyday.no)

Glansbildet slår sprekker

En rapport om norske kommuners arbeid mot vold mot kvinner.

Amnesty International 2005

[www.amnesty.no](http://www.amnesty.no)

Amnesty International og Reform – Ressursenter for menn 2007

”Hvem bryr seg?”

En rapport om menns holdninger til vold mot kvinner

Sunnmøre krisesenter

Statistikk krisesenter 2006

Pressemelding

Frå gruppe 318, Amnesty International Norge

Datert 25. april 2007

Statistikk Sunnmøre krisesenter

<http://www.ssb.no>

**Kontaktinformasjon:**

Nedanfor følger kontaktinformasjon for diverse organisasjonar som arbeider med vald i nære relasjonar. Lista er ikkje uttømmende.

## Informasjon om tvangsekteskap

Telefon: 815 55201

E-post: [info.tvangsekteskap@redcross.no](mailto:info.tvangsekteskap@redcross.no)

KRIS Volda  
Ragnvaldmarka 9  
6100 Volda

Landsdekkende telefon for  
Incest- og seksuelt misbrukte

[www.incest80057000.no](http://www.incest80057000.no)

Mira

Ressursenter for flyktning og innvandrerkvinner

[www.mirasenteret.no](http://www.mirasenteret.no)

Seif

Selvhjelp for innvandrere og flyktninger

[www.seif.no](http://www.seif.no)

Jurk

Juridisk Rådgiving for kvinner

[www.jurk.no](http://www.jurk.no)

ATV

Alternativ til Vold

[www.atv-stiftelsen.no](http://www.atv-stiftelsen.no)

Volda kommune

## Vedlegg

### Tilbud til menn

**Tilbudet til menn i Oslo ble startet opp i 1987, som Alternativ til Volds (ATV) første behandlingsprosjekt. Siden 1987 har om lag 2700 menn tatt kontakt, og flere av disse har gjennomført en behandling. Tilbudet til menn har to hovedkriterier: Det er et tilbud for menn som er bostedsregistrerte (fastboende) i Oslo Kommune, og det er et tilbud for menn som har primært et volds- eller aggresjonsproblemer mot samlivspartner. Hvis disse to kriteriene er til stede, kan man kontakte oss for å påbegynne samtaler.**

For de menn som tar kontakt og registrerer seg ved tilbudet, vil man først få en innledende samtalerunde på 3-4 timer. Innholdet i samtale er en kartlegging av årsakene bak at mannen har tatt kontakt, samt en vurdering både om vårt tilbud er passende og evt. hvilken type videre samtaler som passer best. Mulighetene hvis man blir anbefalt å fortsette i samtaler og ønsker det selv er enten videre individuelle samtaler med en behandler, eller gruppeterapi. Uansett form møter man til samtaler som oftest ukentlig, en time i individuelle samtaler og halvannen time for gruppeterapi. Gruppene våre består som regel av to behandlere som leder gruppa, og om lag seks deltakere.

Ved tilbudet til menn går det om lag 60 menn til en hver tid, halvparten i individuelle samtaler og halvparten i en av våre fem grupper. En av gruppene er spesielt tilrettelagt for fedre, der kriteriet er at alle i gruppa har barn. Opp mot 200 menn kontakter tilbudet i Oslo hvert år.

Man trenger ikke legehenviing for å kontakte Tilbudet til menn, da det er et åpent lavterskeltilbud. Det er nok at man selv tar kontakt, helst pr. telefon. Om lag 70 % av mennene tar selv kontakt, i andre tilfeller mottar vi henvisninger fra familievernkontorer, leger, politiet, mannens partner, andre familiemedlemmer, m.m.

Kostnadene pr samtaletime er kr 250 i egenandel, for gruppesamtaler betaler man 2000 pr. halvår. Man kan ikke benytte frikort, da ATV ikke ligger under trygderefusjonsordningen.

Ved Tilbudet til menn arbeider det for tiden 3 psykologer og som oftest 1-2 psykologpraktikanter. Psykologene leder de forskjellige gruppene på formiddag- og ettermiddagstid og tar i mot menn til individuelle samtaler på dagtid (kl. 0900-1600). Gruppene våre er på ulike tidspunkt fordelt på dagene tirsdag, onsdag og torsdag.

I tillegg til behandling veileder psykologene andre behandlings- og samtaletilbud rettet mot voldsutøvende menn, og vi holder mange kurs, seminarer og foredrag på bestilling fra andre institusjoner og organisasjoner.

For mer informasjon om tilbudet til menn, kan du klikke på lenken "Om oss" og så "relevante linker" for å laste ned informasjonsarket som vi sender ut til menn som tar kontakt med oss. Mer informasjon om tilbudet, blant annet årlige statistikker finner du under samme lenke i våre nedlastbare årsrapporter fra Stiftelsen Alternativ til Vold.

## Sinnemestringskurs

Tema: Sinnemestring

Målgruppe: Menn som selv mener at eget sinne og aggresjon er en hindring i relasjoner til andre, og et problem de gjerne vil gjøre noe med. Det kan være at det fører til vold, utagering eller på andre måter skremmer. Dette være seg i parrelasjoner, i forhold til egne barn eller på arbeidsplassen.

Mål: Skape en ressursgruppe som kan brukes til å utvikle gode, positive strategier for den enkelte mann i utfordrende situasjoner. Hvordan kan jeg takle sinnet mitt på en konstruktiv måte?

Gruppene går over 10 uker med møter i Reforms lokaler en ettermiddag i uken.

Gruppene har 8 deltakere og ledes av to mannlige terapeuter.

Pris pr deltaker er kr 2000,- inkludert selvhjelpsboken "Hvordan mestrer du sinne?" av Frank Donovan.

Ring Reform for ytterligere informasjon.

Heimeside [reform.no](http://reform.no)

## **Nok hjelp til valdelege menn**

**Menn i Sogn og Fjordane som er valdelege får tilstrekkeleg tilbod om hjelp, seier familieterapeut ved Familiekontoret i Førde, Liv Sæbø.**

Publisert i NRK 28.09.2005 08:59 :

På landsbasis får berre ein av 50 slik hjelp, men her i fylket er tilbodet dekkande, seier Sæbø. - Vårt inntrykk er at det er vanskeleg å fylle heile grupper på mindre plassar, seier ho.

### **Gruppetilbod**

Og tilbodet Liv Sæbø snakkar om som skal hjelpe valdelege menn i Sogn og Fjordane er eit gruppetilbod som ligg ved Familiekontoret i Førde. Tilbodet starta for eitt år sidan i tett samarbeid med gruppa Alternativ til vold i Oslo, som har erfaringar frå området.

### **Må innrømme problemet**

Og sjølv om tilbodet primært gjeld for Førde kommune, kan menn også frå andre stader i fylket få plass, noko som ikkje har vore noko problem til no. Men det er eitt inntakskrav, og det er at mennene innrømmer at dei har eit problem som dei ynskjer å gjere noko med.

### **- Gode resultat**

Sidan jul har fem menn delteke i ei gruppe for å endre ynskjet om å bruke vald mot kvinner. 15 gonger har dei møttest for samtale og behandling. Og Sæbø meiner å kunne vise til gode resultat. - Så langt vi veit, opphøyrd valden raskt, og at dei med hjelp frå kvarandre relativt fort fann andre måtar å løyse frustrasjonar på, seier Liv Sæbø.

### **- Stort steg å be om hjelp**

Men sjølv om tilbodet finst, trur Sæbø det framleis er mørketal. - All statistikk på valdsutøving viser at det er mange som blir utsette for vald og som utøver vald og som ynskjer å gjere noko med det, men det er eit stort steg å be om hjelp, seier Liv Sæbø, som har ledige plassar på eit nytt kurs.

## **Reform - mannstelefonen**

Reform - mannstelefonen er betjent av vanlige mennesker – hovedsakelig menn, men også noen kvinner. Ingen av telefonvaktene er eksperter. Telefonvaktene driver tjenesten fordi de selv har et stort personlig utbytte av å bistå andre.

Reform - mannstelefonen er en telefon der du møter fordomsfrie, frivillige telefonvakter som har tid til og interesse for å lytte til hva andre har å si. Telefonvaktene er medmennesker som ønsker at brukerne av tjenesten skal takle livet. Innringerne får vaktens fulle oppmerksomhet. Telefonvaktene har innbyrdes ulike måter å løse problemene på. Hvis innringerne ønsker problemet løst på en annen måte, eller ønsker en å samrå seg med flere personer, kan en ringe opp på nytt.

Når man ringer møter man en telefonvakt man snakke med om alt, og som har taushetsplikt. Det kan være at vanskeligheter kan ligne situasjoner telefonvaktene selv har erfart eller hørt om. Telefonvaktene vil gjerne dele egne erfaringer. Du møter en person som har god kunnskap og lang erfaring i å snakke med menn som befinner seg i en vanskelig livssituasjon. På grunn av denne kunnskapen og erfaringene, kan telefonvaktene hjelpe til å nøste opp i problemene og kanskje sette dem i et nytt perspektiv.

Har innringerne behov for annen hjelp, vet telefonvaktene hvem man skal henvende seg til. Husk at ingen ting er for lite eller dumt å snakke om. Ut over tellerskrittene koster tjenesten ingenting.

Reform - mannstelefonen har åpningstid hverdager mellom kl. 17.00 – 20.00  
tel. 22419016.

Hvis det er akutt, kan man også ringe Reform på dagtid tel. 22340950

## **Endelig kvinnetilbud**

### **Kvinner i Østfold som utsettes for familievold vil nå få et tilbud om samtalegruppe i Halden.**

Av: Mia Paulsen

Pedagog Bernt Åge Hunnestad fra Friomsorgen i Østfold har erfaring med å drive grupper for voldsdømte menn. Nå skal han i samarbeid med sosionom Anne Kloster Bjørge fra Familievernkontoret Halden lede en gruppe for kvinner som har vært utsatt for vold. Både voldsdømte menn og barn som har vært utsatt for, eller som har vært vitne til vold, har allerede tilbud i fylket.

## **Alternativ til vold**

Friomsorgen har gitt tilbud til voldsdømte menn i samarbeid med Alternativ til vold i Oslo. Den nye kvinnegruppa vil trekke veksler på erfaringen med partner-tilbud som finnes hos Alternativ til vold, og lederne blir veiledet av Alternativ til vold.

– Vi tror det er nyttig å være en leder av hvert kjønn, og min erfaring med grupper for voldsdømte menn kan også være god å ha med seg, sier Hunnestad til Embla-Fontene. Gruppa starter 10. oktober og vil ta imot åtte-ti kvinner. Kvinnene får tilbud om en ti ukers temabasert samtalegruppe.

## **Kvinnenes sikkerhet**

- Tanken er at det å komme sammen og dele erfaringer vil gjøre kvinnene sterkere. Vi regner med at noen av temaene kommer fra kvinnene selv. I tillegg har vi en del temaer vi ønsker å ta opp, for eksempel vil vi ta opp kvinnenes sikkerhet, forteller Hunnestad. Samtalegruppen er finansiert av midler fra Barne-, ungdoms- og familieetaten i forbindelse med Bondevik-regjeringens satsing på å bekjempe vold i nære relasjoner. Det er Familievernkontoret som har ansvaret for gruppa. Bernt Åge Hunnestad forteller at de har informert om gruppa til en rekke instanser. Interesserte som bor i Østfold kan også ta kontakt med familievernkontoret Halden.

## Pressemelding frå gruppe 318, Amnesty International Norge

25. APRIL 2007

### Ny rapport frå Amnesty og Reform:

#### Menn i Norge ansvarleggjer kvinner for seksuelle overgrep

Rapporten, "*Hvem bryr seg? En rapport om menns holdninger til vold mot kvinner*" avslører at annankvar mann meiner kvinna er heilt eller delvis ansvarleg om ho vert utsett for seksuelle overgrep dersom ho flørtar openlyst.

- *Det er skremmande å vite at halvparten av norske menn meiner tenåringsdottera mi sjølv er ansvarleg dersom ho vert utsett for seksualisert vald etter å ha flørta med ein mann, seier John Peder Egenæs, generalsekretær i Amnesty International Norge. – Endå verre vert det når eg tenkjer på at desse mennene er med på å overføre slike haldningar til norske gutar på dottera mi sin alder.*

#### Rapporten viser blant anna at:

- **Menn i Norge ansvarleggjer kvinner som vert utsette for seksuelle overgrep.**
- **Fire av ti menn opplever vald mot kvinner som eit samfunnsproblem i Norge.**
- **To av tre menn uttrykkjer at dei vil gripe inn for å stoppe ei valdshandling.**

TNS-gallup har utarbeidd denne landsdekkande undersøkinga av menn sine erfaringar med og haldningar til vald mot kvinner på oppdrag frå Amnesty International Norge og Reform – ressurscenter for menn. Samtidig har aktivistar i Amnesty gjennomført lokale stikkprøver over heile landet. **I Volda og Ørsta har Amnesty-gruppe 318, som den einaste i Møre og Romsdal, gjennomført ei lokal spørjeundersøking.** Resultatet frå denne stikkprøva samsvarar i stor grad med den nasjonale kartlegginga. I den grad ein finn avvik, kan årsakene vere at i den lokale undersøkinga er det stort sett menn i alderen 17-25 år som tek del. Ein av konklusjonane vi kan trekkje, er at unge menn i liten grad snakkar med familie og vener om temaet vald mot kvinner.

*Resultata frå den nasjonale undersøkinga og dei lokale stikkprøvene gir grunn til både optimisme og bekymring, seier Howard Medland frå Amnesty i Volda. Optimisme fordi menn gir uttrykk for at dei er opptekne av vald mot kvinner som eit samfunnsproblem og at dei gjerne vil bidra til å stoppe valden. Bekymring fordi menn samtidig gir uttrykk for at dei ansvarleggjer kvinnene, heilt eller delvis, for overgrep dei vert utsette for.*

## **Mann til mann**

Den landsdekkande undersøkinga er startskotet for ein haldningskampanje blant menn, der organisasjonane seier: "*Berre menn kan stoppe vald mot kvinner*".

Undersøkinga blant eit representativt utval menn i Norge viser at vald mot kvinner pregar liva til menn. Fire av ti menn kjenner til ein mann i omgangskretsen sin eller nærmiljøet sitt som har utøvd vald mot ei kvinne. **I ni av ti tilfelle var kvinna mannen sin partner eller kone.**

*- Rapporten gir også grunn til optimisme. Dei fleste norske menn i vaksen alder ser på vald mot kvinner som eit samfunnsproblem, og menn ønskjer å gripe inn dersom dei vert vitne til vald, seier Per Kristian Dotterud, dagleg leiar i Reform –Ressurssenter for menn.*

## **Politisk handling**

Amnesty og Reform krev at vakre ord i Soria Moria-erklæringa om kamp mot kvinnevald vert til politisk handling no:

- Straks: Eit grønt nummer og ein webportal for menneske som er vitne til eller opplever vald i nære relasjonar.
- I 2007: Eit reellt landsdekkande hjelpe - og behandlingstilbod til valdsutøvarar.
- Til skuleåret 08/09: Eit undervisningsopplegg for ungdomsskuleelevar med fokus på førebygging av konflikhtar og vald i nære relasjonar.

*- Vi oppfordrar alle til å ta del i ein SMS-aksjon retta mot Jens Stoltenberg. Han må på banen og få på plass både strakstiltak og førebyggjande arbeid mot menn sin vald mot kvinner, seier John Peder Egenæs i Amnesty.*

## **Kontaktpersonar:**

Generalsekretær i Amnesty International Norge, John Peder Egenæs: 911 00 676

Dagleg leiar i Reform - Ressurssenter for menn, Per Kristian Dotterud: 905 02 833

Amnesty, gruppe 318 i Volda, Howard Medland: 918 86 335

**Dei som vil ta del i SMS-aksjonen kan sende <tenk nytt> og <navn> til 1960.**

Antall beboere på Sunnmøre Krisesenter siden starten 1985

	Kvinner	Barn:	Dag besøk	Døgn:		Døgn til sammen
				Kv.	Barn	
1984						1984: 51
01.05.1985.	26	10		325	102	1985: 427
1986	30	27	7	455	391	1986: 846
1987	39	19	18	444	440	1987: 884
1988	50	34	25	425	413	1988: 838
1989	40	28	42	293	203	1989: 496
1990	36	28	34	623	626	1990: 1249
1991	39	21	18	385	179	1991: 564
1992	46	28	33	592	403	1992: 995
1993	35	32	35	637	589	1993: 1226
1994	39	36	38	410	657	1994: 1067
1995	35	10	45	426	119	1995: 545
1996	53	30	33	654	329	1996: 983
1997	57	33	41	617	261	1997: 878
1998	32	21	63	583	347	1998: 930
1999	31	36	31	270	291	1999: 561
2000	30	14	39	262	141	2000: 403
2001	47	28	84	576	595	2001: 1171
2002	57	36	79	512	350	2002: 872
2003	57	38	39	630	553	2003: 1183
2004	39	33	24	641	332	2004: 973
2005	42	21	22	815	280	2005: 1095
2006	43	33	44	1114	1000	2006: 2114
<b>Tils.</b>	<b>903</b>	<b>596</b>	<b>794</b>	<b>11689</b>	<b>8601</b>	<b>20351</b>

Total beboere. 1499.

Totalt overnattingsdøgn. 20351.

Nødtelefon med overnattingsmuligheter fra fredag kveld til søndag kveld.

1981. Finnes ingen statistikk

1982. ----- " -----

1983. ----- " -----

1984. 51 overnattingsdøgn.

1985 finnes ingen statistikk fra 01.01 til 01.05. 1985

Døgnåpent krisesenter fra 01.05.85.

